

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FA - C00, FE - 033	14/4047

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
50/2014	Utval for levekår	PS	04.11.2014

## Kulturråd i Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I Meland kommune har vi eit Fellesråd og eit Idrettsråd som representerer interessene for frivillige innan sine felt. Råda har eit tett samarbeid med kommunen gjennom politisk og administrativ representant (Fellesrådet) og samarbeidsavtale (Idrettsrådet). Mange organisasjonar høyrer ikkje til under desse råda, og har difor ikkje eit felles råd som kan ta hand om deira interesser, samt ha eit nært og samla forhold til kommunen.

#### Vurdering

Meland kommune ønskjer å styrke relasjonen mellom det offentlege og den frivillige sektoren. Frivilligentralen og tenesteområdet kultur arbeidet kontinuerleg med å skape gode plattformar for samhandling med frivilligheita. Eit av tiltaka er Frivilligforum der vi inviterer alle lag og organisasjonar til felles møter for utveksling av informasjon, samarbeid og innspel. Meland kommune er inne i ein prosess med å utarbeide ei Frivilligmelding. Denne vil gje oss ei oversikt over frivilligheita i kommunen, samt tydeleggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samarbeidet kan utviklast..

For å styrke relasjonen med alle organisasjonane og laga, kan etablering av eit kulturråd vera nyttig. Eit kulturråd som dekkjer interessene til andre typar organisasjonar og enkelt personar innan dei ulike greinene av kulturlivet. Eit kulturråd vil vera ein naturleg samarbeidspart i utarbeidinga av ei Frivilligmelding, på lik line med Fellesrådet og Idrettsrådet, fordi dei vil representere dei frivillige som ikkje høyrer til under dei andre råda

Kva type organisasjonar som er representert i eit kulturråd er ulikt løyst i kommunane. Mandata varierer også, men har nokon fellesnemnarar:

- Styrke samarbeidet mellom frivillige grupper, lag og organisasjonar.
- Vera eit talerør overfor politikarar, kommunal administrasjon og andre offentlege myndigheiter.
- Arbeide for best mogleg vilkår for kulturen i kommunen.

For kommunen kan det vera nyttig å ha eit råd å forhalda seg til – for å få ut informasjon, som høyringspartner og for å legge til rette for nye samarbeidsarenaer.

Det kan vera hensiktsmessig å peike ut ei arbeidsgruppe som får som mandat å komme med forslag til korleis eit kulturråd i Meland skal organiserast, kva organisasjonar kulturrådet skal representere og kva mandat det skal ha. I dette arbeidet kan gruppa sjå på kulturråd i andre kommunar og komme fram til den beste løysinga for Meland. I Lindås har ei gruppe jobba med å opprette kulturråd med Idrettsråda som mal. Det vil vera naturleg å ha ein dialog med dei, og hauste av deira erfaringar.

Ei arbeidsgruppe kan sjå slik ut:

1 representant musikk  
1 representant teater/arrangør  
1 representant Sogelag/kystlag  
1 representant Ungdomslag  
1 representant Vellag/bygdelag  
1 representant kulturnæring  
1 representant Ungdomsrådet  
Sekretær for gruppa dagleg leiar Frivilligsentralen

**Folkehelse**

**Miljø**

**Økonomi**

Ikkje vurdert

**Konklusjon**

Eit Kulturråd i Meland vil vera hensiktsmessig for organisasjonar som fell inn under rådet sitt mandat og for kommunen.

**Framlegg til vedtak:**

Frivilligsentralen set i gong prosessen med å etablere ei arbeidsgruppe som kan komme med framlegg til eit Kulturråd i Meland.

**Utval for levekår - 50/2014**

**ULK - behandling:**

Framlegg til nytt vedtak i møtet frå **Kåre Skibenes (Krf)**:

Utval for levekår ber administrasjonen v/Frivilligsentralen sette i gong prosess med å etablere ei arbeidsgruppe som kan kome med framlegg til følgjande:

- korleis eit kulturråd i Meland kan organiserast
- kva organisasjonar kulturrådet kan representer
- kva mandat kulturrådet kan ha

Resultat av arbeidsprosess vert lagt fram for Utval for levekår.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår ber administrasjonen v/Frivilligsentralen sette i gong prosess med å etablere ei arbeidsgruppe som kan kome med framlegg til følgjande:

- korleis eit kulturråd i Meland kan organiserast

- kva organisasjonar kulturrådet kan representer
- kva mandat kulturrådet kan ha

Resultat av arbeidsprosess vert lagt fram for Utval for levekår.